

NOTAT

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	Helse Vest RHF
DATO:	31.05.2023
FRÅ:	Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR:	Ann-Elin Djuvik Kro
SAKA GJELD:	Status på anbudsprosessar og gjeldande avtaler om kjøp av helsetenester
ARKIVSAK:	2023/482
STYRESAK:	056/23
STYREMØTE:	14.06. 2023

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Gjeldande avtaler

Tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)	Nye avtalar på TSB-området tok til å gjelde frå 1. april 2023 med varigheit ut 2028 (2030 med opsjon). Helse Vest har avtalar med fem leverandørar.
	Dei nye avtalane inneber ei endring av kva som er forventet levert av institusjonane samanlikna med tidlegare avtalar. Omlegging til ny praksis i samsvar med avtale krev i ein oppstartsfase tett oppfølging og kontinuerleg dialog mellom privat aktør, aktuelt helseføretak og Helse Vest.
Arbeidsretta behandling for angst og depresjon	Helse Vest har to avtalar om arbeidsretta behandling for angst og depresjon med varigheit til 31.12.2024 (ut 2026 med opsjon).
Radiologiske tenester	Konkurransen gjennomført i 2022. Det er inngått avtale med to aktørar som gjelder til og med 01.09.26 (opsjon på forlenging av avtalen for to år)

Laboratorietenester Helse Vest har to avtalar på laboratorieområdet med ein enkelt aktør. Den eine avtalen gjelder medisinsk mikrobiologi, biokjemi, klinisk farmakologi og transfusjonsmedisin og gjelder frå 01.02.23 til 31.12.23 (med opsjon 31.12.26), medan den andre gjeld patologi og gjelder med opsjon til og med 31.12.24.

Pågåande prosesser om kjøp:

Spesialiserte rehabiliteringstenester Gjeldande avtaler varer til 31.12.2023. Ny anskaffing av spesialiserte rehabiliteringstenester blei kunngjort 30.03.2023, og tilbudsfrist var 4.mai. Det går nå føre seg ein prosess knytt til evaluering av tilbod. Nye avtaler skal gjelde frå 01.01.2024.

Psykisk helsevern På bakgrunn av ordninga "ein veg inn" som regulerer rettsvurdering av pasientar som blir viste til behandling i psykisk helsevern, blir det vurdert om det for ein periode skal kjøpast poliklinisk behandling innanfor området.

Anna:

Kirurgiske tenester Helse Vest har avtale med to aktørar til 31.12.2023. Avtalane gjeld urologi. Andre kirurgiavtalar gjekk ut 31.12.22, og det er per dato ikkje vurdert som nødvendig med nye kjøp.

Sjå også eige notat om kjøp av kirurgiske tenester.